

LEKSET

Gardsnr. 177

Dette gardsnamnet finn ein først i skipsskattlista frå 1559, skriveform Legzetther. I manntal frå 1590 Leeset, 1926 Lexett. Matrikkelen frå 1668 har Legzet. Garden var på 1/2 spann skyld og låg til «Saxo prestebol». Ved matrikuleringa dete året vart leidangskatten sett til 1 ort, tienda til 1 1/2 tn. havre, småtiende 16 skl. Dei hadde 5 storfe på garden og 1 hest, sådde 3 tn. korn. Sjølv sagt var det også småfe, men det er ikkje medteke for nokon gard i denne matrikkelen. Oppsittar var Halvor Olson. – Den same Halvor er også førd i 1645 i lista over kontributions-skatten, og svara som «øddegaardsmand» 6 riksdaler.

I folketeljingslista frå 1701 er «Niels Olsen 48 år, fattig gemen bunde» (ein vanleg tittel i denne tida) førd for «Lexet». I matrikkelen frå 1723 finn ein desse opplysningane: Oppsittar Nils Olson, eigar «pastor Inderøen. Skov til gjerdsl og brende. Maadelig bumark. beliggende i vestli; grønn og frostagtig. Berget stenet og skarp engbond; meget tungvunden». Sæde: 4 skj. bl.korn, 2 tn. havre. Avla 6 lass vollhøy. Husdyrhaldet var 1 fole «undertiden», 3 storfe, 4 sauer, 4 geiter.

Oppsittar i 1650 Ole, og etter honom Anders Bårdson, som døydde i 1765 eller 66. Kona Ragnhild Olsdtr., dotter etter Ole som hadde garden næst før. Dei var unge folk. Enkja hadde garden, og vart oppgift med Ole Einarson frå Heia. Han døydde stutt tid etter, og skifte vart halde i august 1769. Frå dette ser ein at dei hadde 1 hest på garden, 2 kyr, 1 okse, 1 kvigekalv, 3 sauer, 2 lam, 2 geiter, 1 bukk og «1 lidet svin». Liksom på skiftet etter Anders i 1766 er også her førd litt sjøreidskap: Halvparten i ein seksringsbåt og nokre sildgarn. Heile buet kom og på 39 rdrlr. 2 ort 20 skl. Av gjelden som var like stor, merker ein seg posten ekstraskat 10 rdrlr. 3 ort 6 skl. fra 1763–69.

Ragnhild vart tredje gongen gift med enkemann Rasmus Jonson, han hadde 7 born frå første ekteskapet. Rasmus døydde eit års tid etter giftarmålet, og skiftet etter honom slutta 18. desbr. 1771. «Boets midler» 65 rdrlr. 1 ort, gjelden 46 rdrlr. 18 skl.

Oppsittarfolk i årom nærmest etter 1800 Anders Olson og kona Ane Johansdtr. Og i 1848 fekk Anders Olson kongeskjøte

på garden for 250 spdrlr. Mikal Lornsson, som var g.m. Anne Gurine Olsdtr., søster og einaste arving etter Andreas Olson, fekk garden etter Andreas, og selde han i 1875 til Peter Jørgenson for 700 spdrlr.

Eigarar seinare: A.S Røysing & Co. frå 1906, for kr. 3400 og kår, frå 1908 Johannes K. Næsgård, for kr. 3000, frå 1909 Johan B. Salberg, for kr. 3000, frå 1911 Ole Henning for kr. 4000, frå 1914 Rudolf Stubbe, for kr. 6000, frå 1917 Ole Edvardson Glimstad, for kr. 8200, frå 1917 Tora Ellingsen, for kr. 8500, frå 1921 Kristen Moen, for kr. 12000, frå 1924 Hjalmar Askklund, for kr. 13800, frå 1930 Olai Fostad (auksjonsskjøte) for kr. 7000, frå 1936 Paul Stene (auksjonsskjøte) for kr. 8000.